



Vår saksbehandlar:
Elisabeth Holme Grønnevik

Direkte telefonnr.:
53 42 30 68

Vår dato:
17.08.2018

Dykkar dato:

Vår referanse:
2008/56-33419780/2018

Dykkar referanse:

HORDALAND FYLKESKOMMUNE KULTUR- OG IDRETTSAVDELINGA

Postboks 7900
5020 BERGEN

RAPPORTERING - DEN KULTURELLE SPASERSTOKKEN 2017

Arrangement i Bømlo kulturhus (I manns minne)

I manns minne blei også i 2017 arrangert i Bømlo kulturhus, som eit samarbeid mellom Bømlo kommune, Bømlo kulturhus og frivillige. Det var som tidlegare eit fyldig program for dagen, og ei god matøkt i mellom. Arrangementet er etter kvart blitt ein tradisjon som samlar dei eldste i kommunen vår, og dagen er prega av gjensynsglede, mimring og ny inspirasjon frå scenekanten. Matpausen har også vist seg å vera ei kjærkomen samlestund, for oppdatering og nytt. Også på programmet denne dagen var me med på ein samtale mellom Kristine Sele, som interesserer seg for lokalhistorie, og nokre høvelege personar. Tema dei samtala om var korleis dei nye tilflyttarane på 60-talet har sett sitt preg på bømlosamfunnet. Særleg oppstarten av Bremnes ungdomsskule i 1965 skulle få mykje å seia for tilfanget av slike ressursar til kommunen vår. Nokre av dei spora dei sette etter seg er minst like tydelege i dag – som til dømes Bømlotunet og Bømlo Teater. Tilreisande artist var Benny Borg. Han kom med konsertshowet «Benny – da og nå». Med godlynt sjølvironi fortalte Benny små anekdotar frå sin barndom i Sverige og muntre historier om artistlivet, alt akkompagnert av gitaren.

Budsjett:

Utgifter	
Arrangementsplanlegging	Kr 10 000
Personalkostnader	Kr 7 500
Leige av lokaler inkl reinhald	Kr 6 000
Annonsering	Kr 3 900
Lydteknikar	Kr 4 000
Leige av teknisk utstyr	Kr 1 500
Lapskaus og kringle (210 personar)	Kr 32 989
Bevertning i garderobane	Kr 630
Blomar	Kr 350
Honorar Kristine Sele	Kr 3 500
Honorar Benny Borg	Kr 35 050
Reiseutgifter Benny Borg	Kr 3 854
Overnatting Benny Borg	Kr 990
Diverse	Kr 2 300
SUM utgifter	Kr 112 563

Billettprisen til arrangementet var på kr 200.

Temakveldar på folkebiblioteket

Temakveldane som har vore skipa til, har vore ein stor suksess. Her har me hatt fulle hus, og dette er tydeleg noko som engasjerer. Me har også skipa til mindre arrangement i lag med biblioteket, som høgtlesing og sosiale møteplasser med fokus på lokalhistorie.

Budsjett:

Utgifter	
Magne Gravdal Trøyel – kulturminnedagar	kr 2 500
Kristine Sele – hermetikkfabrikk Foldrøy	Kr 5 000
Diverse utgifter knytt til arr i biblioteket	Kr 5 000
Annonsering	Kr 5 000

På institusjonane

- Sissel Kvambe
«Musikk og humor som helsemedisin». Kvambe har i tillegg til å vera artist, jobba som musikalsk sjukepleier, og har med seg mykje erfaringar frå dette arbeidet. Ho hadde også med seg ein liten puddel, til stor glede for mange av bebruarane. Dette er noko fleire har ynskt tilbake, så erfaringane her var svært gode. **Utgifter kr 9600.**
- Spansk aften
Gitarist Owe Håstø, operasongar Lene Rudbæk Romsland og flamencodansar Camilla Tveito Falch var i institusjonane dei ikkje har besøkt i 2016, med spanske rytmer og flott dans. **Utgifter kr 9000.**

I tillegg blir institusjonane invitert til arrangement i kulturhuset og på biblioteket, og nokre kjem også dit.

Med helsing
Bømlo kommune

Elisabeth Holme Grønnevik
rådgjevar kultur og idrett
Dette brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift

